



Sogndal kommune
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Siri Mæland, 5557 2200

Tilskot til kommunalt rusarbeid 2021 - kapittel 765 post 62

I 2021 får Sogndal kommune med dette eit tilskot på kroner 660 000,- over kapittel 765 post 62.

Tilskotet blir gitt til:

Stilling	Stillingsprosent	År - tilskot	Tildeling 2021	Overført frå 2020	Til utbetaling
Aktivitetskoordinator – tenestestad Psykisk helse og rus	100	1	660 000,-	*206 831,-	453 169,-

*Overført frå 2020 – rest frå stilling som erfaringskonsulent der stillinga utgjekk frå og med april 2020.

I tildelt beløp inngår kr 10 000 per 100% stilling til kompetanseutvikling. Denne summen følger graderinga og blir redusert tilsvarande stillingsstørrelsen.

Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. De kan difor ikkje klage på avgjerda eller vilkåra i dette brevet.

Føremålet med tilskotet er å bidra til kapasitetsvekst ved å gi midlar til stillingar som kommunen på sikt skal finansiere fullt ut.

Vi gjer merksam på at kommunen kan søkje om tilskot til å vidareføre stillingar i til saman 4 år, men tilskotet blir avkorta kvart år, jf. reglane for utrekning av tilskot.

Bruk av midlane i 2021

Tilskotet skal disponerast til årsverk og kan ikkje nyttast til andre utgifter eller investeringar.

Midlane skal nyttast til føremålet dei er gitt til i dette budsjett- og kalenderåret, jamfør søknaden, regelverket for dette tilskotet og krava i dette brevet.

Utbetaling og krav til stadfesting

Tilskot blir først utbetalt når:



- vi har fått tilbake den vedlagde stadfestinga i utfylt og underskriven stand, sjå vedlegg. Ver venleg å fülle ut og sende stadfesting til sfvlpost@statsforvalteren.no snarast.

Ubrukte midlar

Dersom midlane ikkje blir oppbrukte, finst følgjande alternativ:

- betale heile eller delar av tilskotet tilbake til Statsforvaltaren, kontonummer **7694 05 01098**, merkt med kapittel 765, post 62 og vårt saksnummer. Statsforvaltaren skal informerast om dette på førehand.
- søkje om overføring av ubrukte midlar. Føresetnaden for slik godkjenning, er at prosjektet eller aktiviteten blir vidareført. Ubrukte midlar i 2021 blir trekt frå ved tildeling neste år dersom tiltaket blir vidareført.

Rapportering

Rapporteringa skal vere i samsvar med regelverket for tilskotsordninga.

Kommunen skal rapportere til oss innan 1. februar 2022 i rapporteringsskjema som følgjer den årlege kunngjeringa av tilskotsordninga på www.statsforvalteren.no og www.helsedirektoratet.no/tilskudd.

Økonomiansvarleg i kommunen, eller annan person med tilsvarende mynde, skal per 31. desember 2021 kontrollere at tilskotsmidlane er brukt etter dei spesifiserte kriteria i tilskotsbrevet. Kommunen skal innan **1. februar 2022** sende rekneskapsrapport per 31. desember 2021 i rapporteringsskjema som følgjer den årlege kunngjeringa av tilskotsordninga på www.statsforvalteren.no og www.helsedirektoratet.no/tilskudd.

Det er ikkje lenger eit krav at rapporten er revisorattestert.

Kontroll og dokumentasjon

Statsforvaltaren har rett til å kontrollere at tilskotet blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i Bevilgningsreglementet. Vi gjer merksam på at Riksrevisjonen har høve til å kontrollere om tilskot blir brukt etter føresetnadane, jamfør lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

Med helsing

Anne Grete Robøle
fagdirektør

Siri Mæland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Stadfesting
 Regelverk

Kopi med vedlegg til:

Sogndal kommune v/May Tove Lyngset Postboks 153 6851 SOGNDAL